



FISKERIDIREKTORATET
Kyst- og havbruksavdelingen

Fiskeri- og kystdepartementet
Boks 8118 Dep

0032 OSLO

20.11.2009

SAKSNR.
ARKIV

Sakshandsamar: Anne B. Osland
Telefon: 46812338
Seksjon: Forvaltningsseksjonen
Vår referanse: 09/16231
Dykkar referanse:
Vår dato: 18.11.2009
Dykkar dato:

Att:

HØRING - FORSLAG OM ETABLERING AV INTER-REGIONALE BIOMASSETAK FOR VERKSEMDER SOM VIDAREFOEDLAR EIN VESENTLEG DEL AV EIGEN OPPDRETTSFISK

Vi syner til departementet sitt høyringsbrev av 18.8.2009, med svarfrist 18.11.09. Forslaget har vore sendt regionkontora og aktuelle seksjonar til uttale.

Forslaget

Forslaget inneber at utøvarar som foredlar ein vesentleg del av fisken dei produserar i eiga verksemd eller i egne dotterselskap, får høve til å opprette inter-regionale biomassetak. Dette for å avhjelpe uheldige konsekvensar av regelverket som er knytt til regiontilknytning i akvakulturnæringa, slik det går fram av laksetildelingsforskrifta § 33 *Krav til regiontilknytning*:

Klarering av lokalitet i en annen av Fiskeridirektoratets regioner enn den regionen der akvakulturtillatelsen er hjemmehørende, tillates ikke.

Det kan etter søknad dispenseres fra forbudet i første ledd dersom samme innehaver av tillatelse eller ulike innehavere av tillatelse innen samme konsern, jf. regnskapsloven § 1-3, har lokaliteter på begge sider av en regiongrense på en slik måte at forbudet vil slå særlig urimelig ut.

Dersom søknaden etter andre ledd gjelder ulike innehavere av tillatelse innen samme konsern, jf. regnskapsloven § 1-3, må søker legge fram dokumentasjon på at de inngår i samme konsern. Forutsetningen for dispensasjon faller bort dersom de ulike innehaverne ikke lenger er i samme konsern i dispensasjonstiden. Innehaverne plikter å melde fra om dette.

Denne bestemmelsen gjelder ikke tillatelse til akvakultur av matfisk til forsøks-, forsknings-, undervisnings- og utstillingsformål og for landlokalitet for stamfiskformål.

Hovudregelen er at flytting av løyver over regiongrensene ikkje er tillat. Muligheit til å gjere unntak frå reglene har vore praktisert strengt. Forslaget om ny § 48a legg opp til at akvakulturselskap/konsern som er lokalisert på begge side av ei regiongrense. og som nyttar halvparten eller meir av eige fiskeråstoff til vidareforedling, kan få eit regionalt tak for samla biomasse.

Ny § 48a Inter-regionalt biomassetak for virksomheter som videreforedler en vesentlig del av egen oppdrettsfisk:

Innehavere av akvakulturtillatelser som videreforedler en vesentlig del av den fisk som oppdrettes i innehavers egen virksomhet, herunder virksomhet i samme konsern jf regnskapslovens § 1-3, kan etter søknad til Fiskeridirektoratets regionkontor i den regionen der selskapet har størstedelen av sin virksomhet, innvilges et inter - regionalt biomassetak. Biomassetaket omfatter tillatt biomasse etter alle tillatelser av samme type og samme art tilhørende søker innenfor to av Fiskeridirektoratets regioner.

Bestemmelsene i § 48 andre til og med fjerde ledd gjelder tilsvarende.

Grunngjevinga er knytt til auka fleksibilitet og ynskje om å sikre stabil råstofftilgang og auka verdiskaping gjennom meir vidareforedling av norsk laks og regnbogeare. Det inneber òg krav om at vidareforedling skal vera høgare grad av bearbeiding, til dømes i form av filetering.

Fiskeridirektoratets merknader

Generelt har vi få motførestillingar til den utvikling som forslaget er ein del av.

Ei utviding av biomassetaket i form av eit inter-regional biomassetak, slik ny § 48 a i akvakulturdriftsforskrifta foreslår, kan til ein viss grad bidra til å auke fleksibiliteten internt i eit konsern. I dei fleste tilfelle vil det likevel være laksetildelingsforskrifta § 33 som legg føringar for kor fleksibelt eit selskap/konsern kan nytte sin produksjonskapasitet. Vi legg derfor til grunn at ny § 48a i akvakulturdriftsforskrifta må sjåast i samanheng med laksetildelingsforskrifta § 33.

Vi ynskjer likevel å gjere merksam på ein del utfordringar som styresmaktene lyt finne snarlege løysingar på.

1) Rapportering og kontroll

Biomasse rapporteras og kontrolleras på to nivå; selskapsnivå og lokalitetsnivå.

MTB for selskap/ konsern og biomassetak er knytt opp mot den region der løyva er heimehørende, og kontroll av selskapsbiomasse gjennomførast av same region.

Pr. i dag har vi ingen teknisk løysing for å registrere ein situasjon der selskap som har drift i to naboregionar, kan slå samene løyva i eit felles biomassetak. Ein må i så fall laga ein enkel modul, ein registreringsmodul i biomasseregisteret, der ein kan registrere at til dømes alle løyve for selskap **Laks AS** registrert i region **A**, skal knytast samene med selskapet sine løyve i region **B**. Oppfølging og kontroll av selskapsbiomasse skal gjerast av region **B**.

Ein slik situasjon inneber at kontroll av inter-regional selskapsbiomasse må bli ivaretatt av **ein** av regionane. Kva for region dette skal være er ikkje automatisk gitt. Det kan til dømes vere den region der selskapet har flest løyve og truleg størst produksjon, jf. ordlyden i forslaget til § 48a kor det går fram at søknad om inter-regionalt biomassetak skal leverast til den region der selskapet/ konsernet har ”størstedelen av sin oppdrettsvirksomhet”. Men det treng ikkje vere slik at den region som gir løyve til eit inter-regionalt biomassetak, også skal vere den som er ansvarleg for kontroll og oppfølging.

Ser ein på føremålet med forslaget, nemlig å styrke vidareforedling, kan det òg vere den region der selskapet har vidareforedling, som blir ansvarleg for kontroll. Det går fram at ein også lyt kontrollere at graden av vidareforedling er minst 50 % eller meir, samt grad av bearbeiding, elles bortfell retten til inter-regionalt biomassetak. Dette viser at det kan vere naturleg å gje kontroll og tilsynsansvaret til vidareforedlingsregionen.

Til dømes kan ein òg leggje opp til at selskapet sjølv bestemme kva som synest mest praktisk i det enkelte tilfelle. Uansett må kontroll av inter-regional selskapsbiomasse gjerast av den region som får oppdraget.

Biomasserapportering på lokalitetsnivå vil kunne følgje same mønster som tidligare utan endringar. Det rapporteras frå lokalitet og selskap, og oppfølging av rapportane foretas av den region der lokaliteten er heimehøyrande.

Konsekvensar

Konsekvensane av forslaget, gitt at det òg blir gitt løyve i forhold til lokalitet, jf laksetildelingsforskriftas § 33, vil kunne vere at ein vil få ei gradvis flytting av biomasse frå ein region til ein annan. Dersom eit selskap har få og små lokalitetar i ein region, og fleire og større lokalitetar i ein annan region, kan selskapet overføre det meste av produksjonen sin til den regionen der man har dei beste produksjonsforholda. Såleis vil denne regionen og desse lokalitetane få eit større produksjonspress. Samtidig vil dette truleg innebere ein miljøgevinst idet drifta på dei store lokalitetane kan vere meir berekraftig.

Samstundes vil det òg være slik at eit selskap som har eit løyve på 780 tonn biomasse i ein region og dei andre løyva i naboregionen, ikkje kan oppnå større fleksibilitet ved eit inter-regionalt biomassetak aleine. Det eine løyve kan ikkjeutnyttast ut over 780 tonn innan regionen med mindre det blir gitt løyve til å nytte/ flytte/ samlokalisere biomassen frå naboregionen, som nemnd i avsnittet over.

Ein risikerer vidare å få nokre løyve der det ikkje produserast fisk, men der MTB berre inngår som ein del av eit regionalt biomassetak. I samband med førkvoteordninga (1996-2004) såg vi ein del slike døme. Dette vil kunne vere ei utfordring i forhold til § 38 i laksetildelingsforskrifta om passivitet og plikt til inndraging av passive løyve.

For å oppnå den ynskte effekten fullt ut, må det opnast for å gje høve til å nytte biomassen meir fleksibelt innanfor dei to naboregionane. Alle løyve knytt til det inter-regionale biomassetaket bør handsamast som om dei tilhøyrar same region.

Etter vår vurdering må det, med henvisning til § 33 i laksetildelingsforskrifta, gjerast tydeligare at vidareforedlingsbedrifter som har fått ja på søknad om inter-regionalt biomassetak kan få høve til å klarere/ nytte lokalitetar i to naboregionar.

Dersom dette blir endra, foreslår vi at det er den regionen (etter 01.01.10 fylkeskommunen) der selskapet har mesteparten av sin oppdrettsverksemd som får ansvaret for å behandle søknader etter laksetildelingsforskrifta § 33.

Av omsyn til klar og eintydig forståing av kva som faktisk er innhaldet i endringa, meiner vi høyringsbrevet burde ha kommentert korleis dei regionale myndigheiter skal følgje opp at vidareforedlingsgraden til ei kvar tid er større enn 50 %.

Vi meiner òg at det hadde vore hensiktsmessig å få presisert at ein med "to av Fiskeridirektoratets regioner" meiner to naboregionar, og at det ikkje opnast for inter-regionale biomassetak mellom to geografisk avskilte regionar.

Teknisk biomassekontroll av selskap og lokalitetar er det naturleg blir gjort av begge regionane i lag. Vidare oppfølging av selskapet må gjerast som eit samarbeidsprosjekt mellom disse to regionane.

2) Statistikk og MTB


Statistikkemessig vil dette truleg ikkje medføre store konsekvensar. Biomassen blir registrert i den regionen den blir produsert, og går fram av statistikken i denne regionen.

For kapasitet eller MTB på regionnivå vil det få visse konsekvensar.


1. Vi vil ha ein **registrert** region-kapasitet (MTB) som utgjer summen av MTB frå det talet løyve som er registrert i regionen, som i dag.
2. Vi vil ha en **faktisk** region-kapasitet (MTB) som tar omsyn til overført MTB frå ein region til naboregionen. Det betyr at nokre regionar vil få økt MTB, mens andre vil få tilsvarande reduksjon.

Med omsyn til kapasitetsutnytting, vil det være naturleg å bruke faktisk region-kapasitet (situasjon 2)

Med helsing



Lise Kvinnsland
seksjonssjef



Anne B. Osland
seniorrådgiver